



**Lions, som har ein livskraftig lokal klubb i vår kommune med Gamleskulen i Uskedalen som fast møtestad, er den største humanitære serviceorganisasjon i verda.**

**Den har 45 000 klubbar og 1,35 millionar medlemmer i over 200 land, Lions vart skipa i 1917 og kom hit til landet i 1949. Lions mål er å hjelpa menneske som treng støtte.**

Det er viktig for Lions å minna om at dei er frie for hemmelege og sære seremoniar og at dei er nøytrale politisk og religiøst.

Programmet for hjelp er svært mangfaldig og omfattande. Det forstår ein når ein veit at 5000 av oiverskotet frå loppemarknaden i Uskedalen i fjor gjekk til tre-lavvoen i Skårhaug medan eit av hovudprosjekta internasjonalt for tida er øyehelse i Afrika.

Lions i Norge har til no etablert 5 fullt utstyrte klinikkar i Uganda og 2 i Malawi og no står Zambia for tur. Andre prosjekt er brønnboring, skulebyggjing og sjølvsgat katastrofehjelp. .

Her heime er førarhundsule og rehabiliteringssenter for rusmisbrukarar aktuelle prosjekt. Skulen som ligg midt i Oslo leverer 12 hundar i året og senteret Albatrossen hjelper dei som ligg under for rus til å starta eit nytt liv.

Lions ynskjer å engasjera fleire som vil fylle fritida med frivilljug arbeid for andre. Organisasjonen slår fast at ein god gjerning gjer meir nytte enn tusen gode tankar. Det har vi sjansen til å visa også i Uskedalen i vekene som kjem.

Av Ola Matti Mathisen



Så mange kom til Aktivitetshuset då loppemarknaden starta i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)